



Noralv Askeland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/126 - 15/1107

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

20.01.2015

## Innkalling til førehandskonferanse om planlagde byggjetiltak på gbnr. 22/127 i Meland kommune

Under tilvising til dykkar e-post m/ vedlegg av 16. dm. vert du med dette innkalla til førehandskonferanse ved Meland Rådhus onsdag 28. januar kl. 12.30. Dersom du ikkje har høve til å stille, ber eg om at du kontaktar meg for avtale om nytt møtetidspunkt.

Av ovannemnde e-post går det fram at du ynskjer nærmare avklaringar tilknytt ein planlagd søknad om bustadoppføring på gbnr. 22/127 i Meland kommune.

Føremålet med ei førehandskonferanse etter plan- og bygningslova § 21-1 er å avklare dei offentleg-rettslege føresetnadane for tiltaket og rammene for den vidare handsaminga. Det er derfor viktig at både kommunen og du som tiltakshavar er tilstrekkelig førebudd innan konferansen vert halde. Eg vil difor rå til at du les gjennom vedlagte sjekkliste, då denne lista omfattar dei fleste momenta som det normalt er føremålstenleg å få avklart i samband med ein førehandskonferanse.

Dersom du har situasjonskart, teikningar eller andre opplysningar om det planlagde byggjetiltaket, kan du gjerne sende dette til meg før førehandskonferansen, slik at eg er best mogleg førebudd til møtet.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

SJEKKLISTE OG REFERAT FORHÅNDSKONFERANSE BYGGESAK

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



**Mottakere:**  
Noralfv Askeland